

SOSTELI

Turtype: Fottur (bil)


Sesong: Barmark

Lengde: 4 km tur/retur

Parkering: Ved kyrkja i Kyrkjebygd (Sosteli)



Øydegarden Sosteli er ein av dei best bevarte gardane i Europa frå førhistorisk tid. Sosteli var i drift nesten samanhengande frå om lag Kr.f til 1000 e.Kr. Oppe under fjellet kan ein framleis sjå tydelege spor etter gamle hustuffer, åkrar og steingjerde som er vel to tusen år gamle. Arkeologiske funn syner at gardsfolket dreiv med jarnvinn og fangst i tillegg til vanleg drift med åkerbruk og husdyrhald. For å kome til Sosteli frå Minne kultursenter gå mot rådhuset og ta til høgre inn på Sostelidvegen etter brua. Herfrå er det skilta til Sosteli. Det er om lag 2 km frå Kyrkjebygd til Sosteli.



ØYDEGARDEN SOSTELI

På Sosteli ligg eit av Noreg sine best bevarte gardsanlegg frå førhistorisk tid. Pollenprøver syner at det var busetjing her meir eller mindre samanhengande frå om lag år Kr.f. gjennom romer- og folkvandringstida og heilt fram til vikingtida om lag år 1000 e.Kr.

Anlegget består av fleire hustuffer, gravhaugar, eit stort steinanlegg, kullgroper, rydningsrøyser, åkrar og steingjerde.

Garden vart oppdaga av skulestyrar Tarjei Liestøl, og undersøkt av arkeologar i åra 1946-1949 under leiing av professor Anders Hagen frå Universitetet i Oslo. Det vart gjort svært mange funn som vitnar om kontakt med omverda, og som også gir eit bilete av det daglege livet på garden. Funna var mellom anna restar av leirkar, ulike reiskap som bryne, saks, spinnehjul og slipestein, og pyntegjenstandar.

Det vart funnen restar av eit leirkar, den såkalla Sostelikrukka. Dette leirkaret er blitt laga i kopi av Åseral Industrier og kan sjåast i utstillinga på Minne.